



Inger Johanne Gunby

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4316 - 15/19682

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2015

Utsleppsløyve for gbnr 58/112 Lygra Indre

Administrasjonen syner til søknad om utsleppsløyve for gbnr 58/112 motteke her den 10.03.2015.

Saka gjeld søknad om utslepp i frå fritidsbustad på gbnr 58/112. Fritidsbustaden skal koble seg på allereie etablert slamavskiljer på gbnr 58/124 som er utvida til å ta imot utslepp i frå desse to fritidsbustadene. Det ligg føre private retter for legging av røyr over gbnr 58/4 og gbnr 58/124, samt å koble seg på slamavskiljer lokalisert på gbnr 58/124, kopi av desse avtalene er innsendt til kommunen.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om begrensing av forureining fastsett 01.06.2004, (Forureiningslova) kapittel 12, vert det gjeve løyve til utslepp på fylgjende vilkår:

1. Avlaupet skal rensast med typegodkjent slamavskiljer, før utslepp går gjennom tett røyr heilt fram til utsleppstad
2. Utsleppet skal vere i tråd med gjeldande utslepp for slamavskiljer lokalisert på gbnr 58/124
3. Utsleppet skal vere i tråd med gjeldande miljøblad.
4. Utsleppet gjeld for gbnr 58/112 og for 3 PE.

Som generell opplysning vert det syna til at eigar av utsleppsløyve er ansvarleg for eventuell forureining jf. § 7 i Forureiningslova.

Gebyr:

17.2.3 Utslepp kalkulert <50 PE	5.600
6.1 Bruk av kartbasis	500
SUM:	6.100

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som påklagast (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oddmund Kvalheim VVS

Mottakarar:
Inger Johanne Gunby